

# Musea i Sogn og Fjordane

---

## Styremøte

**Dato:** Tysdag 13.12.2016  
**Tid:** Kl. 11:00  
**Stad:** Sogn og Fjordane kunstmuseum, Førde

### MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø, Laura Kvamme, Hanne B. Oftedal og Olve Grotle.  
Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad  
Referent: Inge Bent Arnestad

### SAKLISTE:

36/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste  
37/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 25.10.2016  
38/2016: Orienteringar  
39/2016: Budsjett 2017  
40/2016: Fellesmagasin - kjøp av Ramstad Eskefabrikk  
41/2016: Møteplan 2017 for styret i MiSF  
42/2016: Ymse

#### SAK 36/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjend**

Til sak 42/2016 vart det meldt følgjande saker:  
BKH-stipend 2016 – delegert tildeling

*Vedtak:*  
**Innkalling og sakliste vert godkjent**  
Samrøystes

#### SAK 37/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 25.10.2016.

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Protokoll frå styremøte 25.10.2016 vert godkjend**

Vedtak:

**Protokoll frå styremøtet 25.10.2016 vert godkjent**

Samrøystes

## SAK 38/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

*Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 30.09.2016.*

- **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 30.11.2016</u>	<u>Fordeling</u>	<u>korttid</u>	<u>langtid</u>
Eigenmelding	0,44 %		0,44%	0,00%
Sjukemelding	1,30 %		0,34%	0,96%
Børns sjukdom	0,09 %		0,09%	0,00%
<b>Totalfråvær</b>	<b>1,82 %</b>			

- **HMT – Internkontroll - Personale:**

### Brannsikring av administrasjonsbygg

Det er utarbeidd brannrapport på administrasjonsbygg på De Heiberske Samlinger-Sogn Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Brannrapportane omfattar alle krav/manglar med omsyn til branntryggleik på bygga og skal vera grunnlag for tiltaksplan. Tiltaksplan vert prioritert saman med tilsyna på dei ulike lokasjonane. Tilsyn fokusere på verksemda sitt arbeid med systematisk og førebyggjande arbeid med omsyn til sikring av personar og materielle verdiar. Dette har MiSF dokumentert gjennom organisasjonsplan i utkast til revidert Internkontrollhandbok for MiSF, avtale mellom eigarstyre og MiSF og tiltaksplan. Sogn Brann og Redning har gjeve tilbakemelding på arbeidet på Kaupanger, der dei er godt nøgde med arbeidet som er utført/planlagt.

MiSF er i gang med tilsvarande arbeid i Florø, og MiSF har som mål at alle avdelingane set av midlar til utarbeiding av underlag/rapport å få utført dette arbeidet i løpet av 2017. Tiltaksplan vert lagt inn i Vergo som aktive handlingar med frist og ansvar.

### HMT:

Alle referat frå vernerundar på avdelingane er no lagt inn i Vergo som aktive handlingar med frist og ansvar, avvik i skal rapporterast til leiing. Verneomboda skal nytte systemet aktivt og vere prioritert av leiing på avdelingane.

Det er utarbeidd ei notatblokker med PSJA (Personelg Sikker Jobb Analyse) og RUH (Rapport om uynskte hendingar) som handtverkar/arbeidarar kan i jakkelomma.

PSJA er tenkt som ei sjekklister når ein skal utføra ei ny arbeidsoppgåve. Det vert i større prosjekt utført SJA(Sikker jobb analyse). RUH skal avdekke avvik og omhandla tiltak som vert utført straks eller formidla til overordna.

Alle handtverkarane i MiSF har delteke på fallsikringskurs og kurs i stillasbygging i 2106.

- **Besøksstatistikk 2016**

*Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 31.10.2016*

- **Endring av grunnkapital ved fusjon med Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum**

Dersom Stiftelsestilsynet godkjenner søknad om fusjon med Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, vert grunnkapitalen overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Endringa fører til at §3 Grunnkapital i MiSF sine vedtekter må endrast.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

*Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Orienteringane vert tatt til vitande**

*Vedtak:*  
**Orienteringane vert tatt til vitande**  
Samrøystes

## **SAK 39/2016 BUDSJETT 2017**

**Saksansvarleg:**  
Inge Bent Arnestad

### **Saksutgreiing:**

#### **Budsjettprosess:**

Budsjettarbeidet for 2017 vart starta i slutten av september. Den 4. oktober var leiargruppa, fagforeiningane og administrasjonen samla til felles strategi- og planleggingsmøte for budsjett- og årsplanarbeidet.

- Gjennomgang av forventa offentlege driftstilskot og fordeling mellom avdelingane
- Prioriterte satsingsområde driftsåret 2017
- Plan for budsjettarbeidet

Driftstilskot frå Kulturdepartementet med øyremerka driftsmidlar til Måløyraidsenteret med til saman 0,6 mill. ligg inne i driftsbudsjettet som avdeling 8 MRS.

Utkast til driftsbudsjett for Måløyraid Senteret er lagt inn i budsjettet.

Budsjettgrunnlag vart sendt ut til avdelingane den 19.10.2016.

Budsjettutkast frå den enkelte avdeling vart gjennomgått med avdelingsdirektør.

Med utgangspunkt i budsjettutkasta frå avdelingane har administrasjonen utarbeidd eit endeleg utkast til totalbudsjett for MiSF.

Budsjettutkastet vart drøfta med fagforeiningane i møte den 17.11.2016.

#### **Budsjetterte inntekter og tilskot:**

##### Økonomiske rårer

Drifta av MiSF er i stor grad basert på offentlege driftstilskot.

Forventa/berekna driftstilskot for 2017 er lagt inn i framlagt budsjett:

Stat:	kr. 35.510.000,-
Fylkeskommune:	kr. 14.361.808,-
Kommunale tilskot:	kr. 6.775.641,-

I budsjettet utgjer offentlege driftstilskot 91 % av samla driftsmidlar, eigeninntekt og andre tilskot utgjer 9 %.

##### Statlege driftstilskot

Beløp er henta frå Kulturdepartementets proposisjon til Stortinget: Prop.1 S (2016-2017) kap. 328: *Museums- og kulturvernformål*, med tilhøyrande pressemeldingar.

Auka tilskot på kr. 0,61 mill. (1,75%) er lagt inn som ordinær løns- og prisstigning

### Fylkeskommunalt driftstilskot

Tilskot frå fylket for 2016 er redusert med 1,5 mill. kroner, og det er budsjettert med ein kompensasjon for pris- og lønsvekst på 0,27 mill. kroner (+ 1,75 %).

### Kommunetilskot

Sommaren 2016 vart det sendt ut utkast til nye driftsavtaler for alle kommunane.

Det var lagt inn ei samla auke frå kommunane på til saman 1,5 mill.

Pluss ei auka med 0,09 mill. kroner i pris- og lønsvekst (+ 1,7 %).

*Søknad om auka kommunetilskot er ikkje vedteke i alle kommunane, og samla budsjetterte driftstilskot kan endre seg.*

### **Nøkkeltal:**

Offentlege tilskot er inklusive ekstraordinære statstilskot.

Nøkkeltal; / Avd	1 ADM	2 NFM	3 KSF	4 SUM	5 DHS-SF	6 SFKM	7 NKS	(8 MRS)
Samla ordinære tilskot (mill.kr.)	9,73	5,60	7,21	4,71	15,77	10,54	2,33	(0,80)
Del av totaltilskot	17,2 %	9,9 %	12,7 %	8,3 %	27,8 %	18,6 %	4,1 %	(1,4%)
Lønskostnad %	57 %	69 %	59 %	75 %	54 %	44 %	72 %	

*Avd. 1 Fellesadministrasjon, avd. 2 Nordfjord Folkemuseum, avd. 3 Kystmuseet i Sogn og Fjordane, avd. 4 Sunnfjord Museum, avd. 5 De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, avd. 6 Sogn og Fjordane Kunstmuseum og avd. 7 Norsk Kvernsteinsenter. (8 MRS Måløyraidsenteret)*

Det er budsjettert med samla løns- og personalkostnader på 56 % inkl. auka statstilskot. Eksklusive øyremerka driftstilskot til husleige Sogn og Fjordane kunstmuseum og Norsk Reiselivsmuseum er lønsprosenten 61 %. Det er berekna 3 % årleg løns- og prisstigning. Samla auke løns- og personalkostnader frå budsjettet 2016 til 2017 er 0,7 mill., er 2,1 %.

### **Vurderingar og konsekvensar**

MISF prioriterer oppgåver og føringar i tilskotsbrev frå stat og fylkeskommune.

Arbeidet med å stimulere til samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen for å frigje økonomiske og faglege ressursar er prioritert.

I budsjettet for 2017 er fellestiltak knytt opp mot samlingsforvaltning med nytt fellesmagasin, marknadsføring/profilarbeid, organisasjonskartlegging- og utvikling og oppgradering av faste utstillingar prioritert:

- 1,20 mill. fellesmagasin/magasinformaltar
- 1,00 mill. marknadsføring/profilarbeid og fellesannonsering rekruttering
- 0,25 mill. organisasjonsutvikling
- 0,50 mill. eigne utstillingar

Administrasjonen har i 2017 fem stillingsheimlar samt direktør.

Desse er økonomisjef, personal- og rekneskapskonsulent, drifts- og eigedomssjef, marknadskonsulent og nyoppretta stilling som seniorrådgjevar museumsfag. Sistnemnde stilling er oppretta som ein konsekvens av at administrasjonen frå 2016 ikkje har museumsfagleg kompetanse.

Hovudbudsjett og alle avdelingsbudsjetta er utarbeidd i balanse.

- /.* Vedlegg:**
- Budsjett 2017 Spesifisert
  - Budsjett 2017 Avdelingsnivå
  - Budsjett 2017 Tilskot

- Budsjett 2017 Kommenterarar
- Utdrag frå Kulturdepartementet Prop.1 S kap. 328
- Utdrag budsjett 2017 SFJ HK 27.09.2016

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar framlagt forslag til budsjett for 2017 med slik fordeling til avdelingane som det går fram av saksutgreiinga.**

*Vedtak:*

**Styret for MiSF vedtar framlagt forslag til budsjett for 2017 med slik fordeling til avdelingane som det går fram av saksutgreiinga.**

Samrøystes

## **SAK 40/2016: FELLESMAGASIN - KJØP RAMSTAD ESKEFABRIKK**

### **Saksansvarleg:**

Inge Bent Arnestad

### **Sakstilfang:**

Styresaker

- 07/2016 punkt 1 - 2
- 16/2016 punkt 1 – 3
- 21/2016
- 32/2016 kulepunkt 5

### **Saksutgreiing:**

Føresetnader i sak 21/2016:

Styret i stiftinga arbeider med to parallelle prosjekt:

«Magasin 1» for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane.

Fylkeskommunen har sett ned ei prosjektgruppa som skal revidere prosjekt «Kløften» med mål om å sende søknad om statlege investeringsmidlar våren 2017.

«Magasin 2» for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og maskiner.

I samsvar med punkt 1 skal følgjande avklarast:

- **Trongen for lagring av større gjenstandar**
  - lagringsforhold, viser til ABM-rapport 2006
  - samla areal til mottak og magasin er stipulert til 4000 m<sup>2</sup>, av dette er utgjert nærmagasin og spesialmagasin ca. 900m<sup>2</sup> planlagt i Movika
- **Dagens løysingar**
  - båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og maskiner båtar er i dag i stor grad lagra i ulike lagerbygg/andre driftsbygg rundt i kommunane, og utandørs i plasthallar og telt
- **Driftskostnader**
  - samla driftskostnader vil auke i takt med trinnvis utbygging av innvendig areal stipulerte driftskostnader medrekna magasinforvaltar er berekna til 3,5 mill.

- **Investeringskostnader**
  - kostnader i samband med ombygging og innreieing av eit fullverdig magasin med enkel standard er stipulert til 32,0 mill. inkl. kjøp av eigedom.
  -
- **Finansiering, egne midlar og statleg/kommunal medverknad.**
  - Driftskostnader:
    - 2,1 mill. i auka statleg driftstilskot
    - 1,4 mill. i egne driftsmidlar
  - Investeringsmidlar:
    - 10,5 mill. statlege investeringsmidlar
    - 21,3 mill. egne midlar og låneopptak

**Arbeidsplan for 2017:**

- Kartlegge/få oversikt over samlingane som grunnlag for:
  - planlegging av tilgjengeleg areal, avklare tekniske løysningar, prosjektering og utbygging av mottak og magasin
  - utarbeide ein felles samlingsforvaltningsplan
- Opprusting av Ramstad Eskefabrikk (alarmar, el-anlegg, lys, utvendig vedlikehald)
- Utarbeide søknad om midlar til fullfinansiering av bygg og drift
- Flytte deler av båtsamling til midlertidig lager

Direktør har etter fullmakt sluttført forhandlingar med Ramstad Holding AS om kjøp av Ramstad Eskefabrikk til bruk som framtidige magasin i samsvar med styrevedtak og innanfor dei økonomiske rammene styret har akseptert.

*Vedlegg: 19.03.2007 ABM-rapport  
26.01.2016 Internt notat frå leiargruppa  
04.10.2016 Internt arbeidsnotat frå AMF*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*

**Styret vedtek å kjøpe Ramstad Eskefabrikk frå Ramstad Holding AS for kr. 11,8 mill. og samsvar med kjøpekontrakt og tilhøyrande dokument. Dokumentavgift på 2,5% og tinglysingsgebyr i samband med overdraging kjem i tillegg.**

*Vedtak:*

**Styret vedtek å kjøpe Ramstad Eskefabrikk frå Ramstad Holding AS for kr. 11,8 mill. og samsvar med kjøpekontrakt og tilhøyrande dokument. Dokumentavgift på 2,5% og tinglysingsgebyr i samband med overdraging kjem i tillegg. Samrøystes**

**SAK 41/2016: MØTEPLAN 2017 FOR STYRET I MiSF**

**Saksansvarleg:**

Inge Bent Arnestad

**Saksutgreiing:**

Forslag til møteplan 2017 for styret med datoar og saker for styremøte er utarbeidd og tilpassa ulike rapporteringsfristar gjennom året.

Eventuelle større endringar i framdrift av planarbeid, vil kunne føre til endringar i årsplanen.

**Vedlegg: Møteplan 2017 for styret**

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Styret vedtek framlagt møteplan 2017 for styret.**

*Vedtak:*  
**Styret vedtek framlagt møteplan 2017 for styret.**  
Samrøystes

**SAK 35/2016: YMSE**

**BILDENDE KUNSTNERES HJELPEFOND (BKH) STIPEND – DELEGERTE TILDELINGAR**

**Sakshandsamar:**  
Inge Bent Arnestad

**Saksgrunnlag:**  
Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend for 2016 er etablert i samarbeid med Bildende Kunstneres Hjelpfond (BKH) og har til formål å stimulere kunstnarleg verksemd i Sogn og Fjordane. Kunstnarar knytt til Sogn og Fjordane kan søke. Søknadane er vurdert på grunnlag av CV, prosjekttale, digitalt visuelt materiale og andre verksreferansar. Kunstfagleg råd har handsama innkomne søknader i møte 12. desember 2016. Ytterlegare informasjon og innstilling sjå vedlegg.

**Vedlegg:**      *BKH Stipend 2016 Innstilling*

*Direktøren sitt framlegg til vedtak:*  
**Styret for MiSF vedtar å sluttar seg til framlagt tilråding frå Kunstnarleg råd på tildeling av BKH stipend for 2016.**

*Vedtak:*  
**Styret for MiSF vedtar å sluttar seg til framlagt tilråding frå Kunstnarleg råd på tildeling av BKH stipend for 2016.**  
Samrøystes

---

Harry Mowatt  
Styreleiar

---

Laura Kvamme  
Styremedlem

---

Arild Hartmann Eriksen  
Styremedlem

---

Steinar Evebø  
Styremedlem

---

Ingrid Norum  
Styremedlem

---

Olve Grotle  
Styremedlem

---

Inge Bent Arnestad  
Direktør